



## Politiattest Hareid IL

### Kven skal Idrettslaget krevje politiattest av

- Politiattest krevst av personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneberer et tillits- og ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming. Med mindreårige meinast barn og unge under 18 år.  
Dvs. trenarar, instruktørar og lagleiarar som skal ha direkte kontakt med mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming
- Dersom ein person tar på seg andre oppgåver i same idrettslag, for eksempel et nytt lag etter ein sesong, krev det ikkje ny politiattest.  
Dvs. at ein attest er nok om personen er engasjert i fleire grupper innan idrettslaget. Attesten skal visast til hovedstyret sin utnemnde.
- Om ein person ikkje ønskjer å innhente politiattest, skal idrettslaget ikkje benytte denne personen til oppgåver i idrettslaget.
- Vedr. varigheit og fornying: Attestar som er utstedt til denne ordninga (for idretten) er gyldig inntil 3 år. Seinast etter 3 år vil Hareid IL krev ny attest.

Viser for øvrig til svar gitt på "Ofte stilte spørsmål" på <http://www.idrett.no/tema/politiattest/>

### Kven i Hareid IL kan krevje politiattester

Det er kun idrettslagets hovedstyret som kan krevje politiattest og ikkje grupper eller utval i laget. Hovedstyret i Hareid IL består av AU, samt leder i de ulike gruppene.

### Korleis innhente politiattestar / elektronisk søknad

Idrettslaget er pålagt å innhente politiattest frå dei som tar på seg eit oppdrag for idrettslaget som inneberer et tillits- og ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming. Med mindreårige meines barn og unge under 18 år.

Gruppeledar i dei enkelte gruppe avgjer kven som skal vise politiattest. Det er den aktuelle personen sjølv som skal søke om politiattest, ikkje idrettslaget. Frå juli 2014 kan søknad sendes elektronisk.

Korleis ein søker finn ein på <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>.

Saman med søknaden skal det sendes en «bekreftelse på føremål» frå Hareid IL, som er signert av styret sin utnemnde.

Søkjjarar under 18 år kan ikkje søke om politiattest elektronisk. Se informasjon på <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/> korleis ein går fram.

### Korleis handtere politiattestar

- Politiet sender politiattesten til den aktuelle personen i posten.
- Attesten skal så visast den styreoppnemnte . Attesten skal ikkje leverast gruppeleder / idrettslaget.
- For behandling av attestar med anmerkning vises til Veileder utarbeidet av NIF.

#### *Vedtak på hovedstyremøte:*

*informasjonen på kven som treng politiattest sendes vidare til oppnemnt kontaktperson i idrettslaget, Margrethe Hareide Games, som utarbeider eit felles register for heile Hareid IL*

*Informasjon sendast på følgjande e-postadresse [margrethe@islandoffshore.com](mailto:margrethe@islandoffshore.com)*

*Det vil seie at det er gruppeleiarane som er ansvarlig for at alle aktuelle personar viser politiattest.*

*Kontaktperson i idrettslaget er ansvarlig for at informasjonen er forsvarlig registrert.*

**Kva dette registeret skal inneholde**

- Namn på person.
- Gruppe/-er.
- Oppgåve / ansvarsområde.
- Dato for utlevert stadfesting til søker
- Dato for godkjenning frå politiet



### **Rollebeskrivelse for Politiattestansvarlig**

Alle i Hareid IL over 15 år som skal utføre oppgåver som innebærer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming, skal ha fremvist rein politiattest.

Klubben skal følge klare rutinar for kontroll med politiattester for alle relevante verv.

Dette innebærer:

- Styret sørger for at klubben har ein politiattestansvarlig.
- Rutiner for kontroll med politiattester skal være implementert.
- Status på at samtlige relevante verv i klubben har levert attest, skal til ei kvar tid kunne fremvisast.

Hareid IL har følgende rutiner knyttet til politiattest:

1. I starten av ny sesong, når spiller- og trenerlister oppdateres, skal politiattester sjekkes. Nye trenarar må forevise politiattest.
2. Politiattestansvarlig skriver ein «bekreftelse på formål» til dei som skal søke om attest – som dei brukar i sin søknad.
3. Personen søker, og får forhåpentligvis ein «plettfri» attest i retur.
4. Attest forevises politiattestansvarlig.
5. Det er ikkje lovlig å arkivere attesten, så politiattestansvarlig legger til at personen har vist bekreftelse på plettfri attest i Spond. Legg også inn dato slik ein ser kva tid ein må søke på ny attest.